


Verdiar i Hålandsvassdraget, Suldal kommune i Rogaland

VVV-rapport 2000 - 7



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med
Noregs vassdrags- og energidirektorat, Suldal kommune og Fylkesmannen i Rogaland

Refererast som:

Suldal kommune og Fylkesmannen i Rogaland 2000. Verdier i Hålandsvassdraget, Suldal kommune i Rogaland. Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Noregs vassdrag- og energidirektorat. VVV-rapport 2000-7. Trondheim 33 sider, 7 kart+vedlegg, 4 s..

Forside foto: Elin Tjordal Haugen

Layout: Knut Kringstad

Verdiar i
Hålandsvassdraget, Suldal kommune
i Rogaland

Vassdragsnr.: 035.7Z
Verneobjekt: 035/3
Verneplan IV

VVV-rapport 2000-7

Tittel <i>Verdier i Hålandvassdraget</i>	Dato <i>sept.. 2000</i>	Antall sider <i>33s, 7 kart + vedlegg, 4 s.</i>
Forfatter <i>Elin Tjordan Haugen, Suldal kommune</i>	Institusjon <i>Fylkesmannen i Rogaland</i>	Ansvarlig sign <i>Per-Terje Haaland</i>
TE-nr <i>886</i>	ISSN-nr <i>1501-4851</i>	ISBN-nr <i>82-7072-393-2</i>
Vassdragsnavn <i>Hålandsvassdraget</i>	Vassdragsnummer <i>035.7Z</i>	VVV-Rapport nr <i>2000 - 7</i>
Vernet vassdrag nr <i>035/3</i>	Antall objekter/områder <i>32+ beskrivelse av 22 kulturminneobjekter</i>	Fylke <i>Rogaland</i>
Kommuner <i>Suldal</i>		
Antall delområder med: Nasjonal verdi (***) <i>4</i>	Regional verdi (**) <i>12</i>	Lokal verdi(*) <i>16</i>
EKSTRAKT		
<p>Hålandsvassdraget (vassdragsnummer 035.7Z) ligg i kommunane Suldal og Hjelmeland i Rogaland. Det er eit av fem vassdrag i Rogaland som vart vurdert under verneplan IV som vart vedteken i 1993. Vassdraget vart verna på grunnlag av at det er peika ut som eit referansevassdrag.</p> <p>Vassdraget er ikkje urørt, men saman med dei to andre vassdraga i området, Nordalsvassdraget og Vormo, skal dei saman tena som friluftsområde og referanse for samanlikning. Vassdraget omfattar gradienten i frå fjord til fjell. Gjennom denne rapporten vile ein gje eit oversyn over verdiane i vassdraget, stadfesta dei, og gje eit oversyn over kvar kunnskapsgrunnlaget manglar. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag skal vita kva som finst.</p> <p>VVV-prosjektet (<i>Verdier i verna vassdrag</i>) er initiert av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) og Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartleggje og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Suldal kommune, sammen med Fylkesmannen i Rogaland, har på oppdrag frå DN og NVE laget denne rapporten dokumentasjon av kjende verdier i Hålandvassdraget.</p>		
SUMMARY IN ENGLISH		
<p><i>The Directorate for Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) has established a project "The values of nature protected areas". The Municipality of Suldal and the County Governor of Rogaland has worked out this report of the natural values of Håland watercourse, which is situated in the Municipalities of Suldal and Hjelmeland. In 1993 this watercourse was protected against development of future water power plants. The main argument for this protection was that it represents the typical landscape, flora and fauna for the region and it's values for outdoor recreation.</i></p>		
5 STIKKORD PÅ NORSK	5 KEYWORDS IN ENGLISH	
<i>Prossesser og former skapt av is og vann</i>	<i>Geomorphology</i>	
<i>Biologisk mangfold</i>	<i>Biodiversity and ecology</i>	
<i>Landskapsbilde</i>	<i>Forms of landscapes</i>	
<i>Friluftsliv</i>	<i>Outdoor recreation</i>	
<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	<i>Cultural Heritage and the Historical Landscape</i>	

FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet "Verdiar i verna vassdrag" (VVV-prosjektet). Føremålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærrområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger streka under at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag, vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter rammer for si forvaltning.

"VVV-prosjektet" skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av vatn og is, biologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturminne/miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det òg finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Informasjonen i rapportane vil seinare verte tilgjengeleg med digitale kartdata over Internett eller frå fylkesmannen. Ansvar for utarbeiding av den enkelte rapport ligg hovudsakleg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Hålandselva har sidan vedtak i Stortinget 1. april 1993 vore verna mot vasskraftutbygging. Utarbeidinga av denne rapporten er utført i Suldal kommune i samarbeid med miljøvernavdelinga ved fylkesmannen i Rogaland. Rapporten presenterer god og oppdatert dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Hålandsvassdragetvassdraget.

Trondheim-Stavanger-Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning
naturbruksavdelingen*

*Ola Skauge
avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Rogaland
miljøvernavdelinga*

*Odd Kjos-Hansen
Fylkesmiljøvernsjef*

INNHALD

FØREORD

SAMANDRAG

1 INNLEIING	10
1.1 GENERELL SKILDING AV VASSDRAGET	11
1.1.1 <i>Klima</i>	11
1.1.2 <i>Inngrepsstatus</i>	11
1.1.3 <i>Verna vassdrag i kommuneplanen</i>	12
1.2 AREALOPPLYSNINGAR	13
1.3 HYDROLOGISKE OPPLYSNINGAR	13
2 PROSESSAR OG FORMER DANNA AV IS OG VATN	14
2.1 VASSDRAGSELEMENT	14
2.2 GEOFAGLEGE ELEMENT	14
2.2.1 <i>Berggrunnsgeologi</i>	14
2.2.2 <i>Geomorfologi</i>	14
2.2.3 <i>Kvartærgeologi</i>	15
2.3 UTVALDE DELOMRÅDE	15
2.4 VERDIKLASSIFISERING AV DELOMRÅDE	16
3 BIOLOGISK MANGFALD	16
3.1 VASSKVALITET	16
3.2 FERSKVASSBIOLOGI	16
3.3 FISK.....	16
3.4 VEGETASJON, BOTANIKK OG NATURTYPAR	17
3.5 VILT	18
3.5.1 <i>Utvalde delområde</i>	19
3.6 NØKKELBIOTOPAR.....	20
3.7 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE	23
4 LANDSKAPSBILETE	23
4.1 LANDSKAPSREGION OG SÆRPREG	23
4.2 KULTURLANDSKAP.....	24
4.3 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE.....	24
5 FRILUFTSLIV	25
5.1 FRILUFTSOMRÅDE	25
5.2 HYTTER, STINETT	25
5.3 NATURTURISME.....	25
5.4 JAKT OG FISKE	26
5.5 VERDIGRADERING AV DELOMRÅDE	26
6 KULTURMINNE	26
6.1 KULTURMINNE I HÅLANDSVASSDRAGET	26
6.2 ANDRE KULTURMINNE	27
6.3 UTVALDE DELOMRÅDE OG OBJEKT	27
7 LANDBRUK	28
7.1 Busetjing	28
7.2 PRODUKSJON- NÆRINGSGRUNNLAG	28
8 AKTUELLE TRUGSMÅL	29
9 MANGLANDE KUNNSKAP	29

10 LITTERATUR.....	30
11 KRITERIER NYTTA I RAPPORTEN.....	31
12 TEMAVISE KART.....	32
<i>Kart 1. Differensiert forvaltning</i>	<i>32</i>
<i>Kart 2 Kwartærgeologi, oversikt over delområde:</i>	<i>32</i>
<i>Kart 3. Biologisk mangfald, oversikt over delområde:</i>	<i>32</i>
<i>Kart 4. Landskap, oversikt over delområde:</i>	<i>32</i>
<i>Kart 5. Friluftsliv, oversikt over delområde:.....</i>	<i>32</i>
<i>Kart 6. Kulturminne</i>	<i>33</i>
KART 7 INNGREPSFRIE OMRÅDE.....	33

VEDLEGG

ARTSLISTE VEGETASJON FOR HÅLANDSVASSDRAGET

ARTSLISTE FUGL I HÅLANDSVASSDRAGET

SAMANDRAG

Hålandsvassdraget (vassdragsnummer 035.7Z) ligg i kommunane Suldal og Hjelmeland i Rogaland. Det er eit av fem vassdrag i Rogaland som vart vurdert under verneplan IV som vart vedteken i 1993. Vassdraget vart verna på grunnlag av at det er peika ut som eit referansevassdrag.

Vassdraget er ikkje urørt, men saman med dei to andre vassdraga i området, Nordalsvassdraget og Vormo, skal dei saman tena som friluftsområde og referanse for samanlikning. Vassdraget omfattar gradienten i frå fjord til fjell. Gjennom denne rapporten vile ein gje eit oversyn over verdiane ivassdraget, stadfesta dei, og gje eit oversyn over kvar kunnskapsgrunnlaget manglar. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag skal vita kva som finst.

Rapporten inneheld 6 grupper av fagtema.

Kap. 1.0 Prosessar forma av is og vatn

Kap. 2.0 Biologisk mangfald

Kap. 3.0 Landskapsbilete

Kap. 4.0 Friluftsliv

Kap. 5.0 Kulturminner

Desse faglege temane vert vurdert etter VVV- faglege kriterier (hovud- og delkriterium for kvar hovudgruppe), og deretter sortert etter 3 verdikategoriar:

Nasjonal verdi (***)

Regional verdi (**)

Lokal verdi (*)

Prosessar og former	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1. Osberget	Nasjonal	2	God	15
2. Nattlandsvatn	Lokal	2	God	15
3. Svinamoen	Lokal	2	God	15
4. Træhaug	Lokal	2	God	15
5. Hålandsosen	Lokal	2	God	15

Biologisk mangfald	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1. Hålandselva	Regional	3	God	16
2. Nattlandsvatnet	Lokal	3	God	19
3. Fiskelaugsvatnet	Lokal	3	God	19
4. Haugslund	Regional	3	God	19
5. Østerhus	Regional	3	God	19
6. Fiskelaugsvatnet	Regional	3	God	19
7. Helgeland	Nasjonal	3	God	19
8. Hålandsdalen	Nasjonal	3	God	19
9. Hålandsdalen	Lokal	3	God	19
10. Trolledalen	Regional	3	God	19
11. Frøkjedalen	Regional	3	God	19
12. Budalen	Regional	3	God	19
13. Lauvåsen	Lokal	3	God	19
14. Tveit	Regional	3	God	24
15. Rørtveit	Regional	3	God	24
16. Natland	Regional	3	God	24

Landskapsbilete	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1. Erfjord	Regional	4	God	23
2. Tveit	Lokal	4	Manglande	24
3. Natland	Lokal	4	Manglande	24
4. Haugslund	Lokal	4	Manglande	24
5. Rørtveit	Lokal	4	Manglande	24
6. Østerhus	Lokal	4	Manglande	24
7. Osberg	Nasjonal	4	God	15

Friluftsliv	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1. Haugslund	Lokal	5	God	25
2. Mosvatn	regional	5	God	25
3. Moane	Lokal	5	God	25
4. Nattland høghei	Lokal	5	God	25

Kulturminne	Verneverdi	Kart nr.	Dokumentasjon	Side i rapporten
1-18. Hus bygd før 1900	Ikkje vurdert	6	God	26
Tveit	Ikkje vurdert	6	God	27
Nattland	Ikkje vurdert	6	God	27
Frøkjedalen	Ikkje vurdert	6	God	27
Holestølen	Ikkje vurdert	6	God	27

1 INNLEIING

Norges vassdrags- og energiverk (NVE) og Direktoratet for Naturforvaltning (DN) har i fellesskap starta opp eit prosjekt for å gjera kunnskapen om verna vassdrag betre tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar desse områda. Verna vassdrag er område som har eit spesielt forvaltningsansvar og Stortingets energi- og miljøkomite har i Innstilling nr. 114 5. Februar 1997 vedteke at verneverdiane i verna vassdrag bør sikrast gjennom lov.

Gjennom " VVV- prosjektet" vil ein prøva å gje eit oversyn over verdiane i vassdraget, stadfesta dei, kvantifisera og gje ein oversikt over kvar kunnskapsgrunnlaget manglar. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag, skal vita kva verneverdiar som finst. På denne måten reknar DN og NVE med at skadelege inngrep i større grad kan unngåast.

Stortinget har verna 341 vassdrag mot utbygging slik at eit særpreg av vassdragsnaturen i Noreg vert teken vare på for framtidige generasjonar. Desse vassdraga med nedbørsfelt dekkjer om lag 1/3 av arealet i Noreg. Målet med vernet er at aktivitet innanfor vassdraga ikkje skal redusera verneverdiane og at styresmaktene på ulike plan har kontroll med, og kjennskap til kva som skjer.

Hålandselva vart verna på grunnlag av *representativiteten* som den utgjer saman med Norddalsåna og Vormo. Vassdraget er ikkje urørt, men saman med dei to andre vassdraga som ligg i nærleiken skal dei til saman tena som referanse for samanlikning og friluftsområde. Referansevassdrag omfattar gradienten frå fjord til fjell, og bør vera så naturlege som mogleg.

I St. prp. Nr. 118 (1991- 92) er verneføremålet begrunna slik:

" Departementet er klar over at det er store friluftsliv- og verneinteresser både i Norddalsåna og Hålandselva, og mener at disse utfyller hverandre i stor grad."

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag


Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag er gjevne ved kongeleg resolusjon av 10. november 1994, jf. Plan og bygningslova (PBL) av 14. Juni 1985 § 17-1, første ledd. RPR gjeld for vassdrag som er omfatta av Verneplan I-IV. Retningslinjene gjeld for vassdragsbeltet, dvs hovudelver, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidd langs sidene av desse. Dersom det i andre delar av nedbørsfeltet er fagleg dokumenterte verdiar som har innverknad på verneverdiane til vassdraget vert desse områda også råka av RPR.

I RPR vert det vist til " nasjonale mål for forvaltning av vernede vassdrag", som seier at det skal leggjast vekt på å :

- a) unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilete, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø
- b) sikra referanseverdien i dei mest urørte vassdraga
- c) sikra og utvikla friluftsliv- verdien, særleg i område i nærleiken av befolkningskonsentrasjonar
- d) sikra førekomst/ område i nedbørsfeltet som det er fagleg dokumentert har betydning for verneverdien i vassdraga
- e) sikra dei vassdragsnære områda sin verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der desse var ein del av grunnlaget for vernet

1.1 Generell skildring av vassdraget

Det meste av Hålandselva ligg i Suldal kommune i Rogaland, 0.2 km² ligg i Hjelmeland. Vassdraget ligg sør for Sand ved tettstaden Erfjord. I nordaust grensar det mot Suldalslågen og i sør mot Norddalsvassdraget, som og er verna. Nedbørsfeltet er på omlag 59 km². Nattlandsnuten er høgaste punkt i feltet (964 m.o.h.), og elva munnar ut på havnivå i Erfjorden, ved Hålandsosen. Området høyrer til naturgeografisk region 35a og 37b; Fjord og heiområde i Ryfylke (NOU 1991).



1.1.1 Klima

Klimaet er maritimt med årsnedbør på om lag 2000 mm i lågareliggjande strok, og nærare 2500 mm i høgare strok. Middelsestemperaturen for kaldaste månad er om lag 0.4 °C, og omlag 15.3 °C for varmaste månad (Odland og Fremstad 1989).

1.1.2 Inngrepsstatus

Riksveg 13 i frå Sand til Nesvik går gjennom Hålandsosen, sentrum i dalføret. Her er det både kyrkje og butikk med bensinstasjon. På Monane ligg det fotballbane og på same moreneavsetjinga litt lengre oppe i dalen er det eit grustak. Sentrale delar av nedbørsfeltet er sterkt kulturpåverka og det ligg fleire gardsbruk innover hovuddalføret til Natlandsvatnet. Det er 15 gardsbruk i dalføret (1998). Det er opparbeidd 3.5 km landbruksveggar innan vassdraget. Ved Tveitåna er det laga til eit mikrokraftverk. Ved Haugslund, Rørtveit/ Natlandsvatnet, Helgeland, Tveit og Liarstøl er det reguleringsplanar for fritidsbustadar, medan områda ved Fiskelaugsvatnet og Stakksvatnet er eldre hytte- og stølsområde. Ei kraftlinje kryssar nedbørsfeltet like vest for Nattlandsvatnet. (sjå kart 7 over inngrepsfrie område)



Figur 1.1 Hålandselva har sitt utløp i Erfjord ved Hålandsosen, sentrum for dalføret. (Foto: Elin Tjordal Haugen)

1.1.3 Verna vassdrag i kommuneplanen

Hålandsvassdraget er i kommuneplanen regulert til LNF- område. I nedre delar er det avsett område for spreidd bustadbygging, og det er regulert inn 5 hyttefelt i området.

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) tilrår å differensiarer forvaltninga av vassdragsbeltet etter registrerte verneverdiar og arealtilstand. Klassane går i frå 1-3 alt etter kor omfattande inngrep det er i området. Dei tre klassane er:

Klasse 1

Kjennemerke- vassdragsbelte i og ved byar og tettstader, som har eller kan få mykje å seia for friluftslivet.

Forvaltning- inngrep som er til skade for pedagogiske verdiar, friluftsverdiar medrekna fiske og framkomsttilhøve i og langs vassstrengen, eller opplevingsverdiar, bør unngåast.

Klasse2

Kjennemerke- vassdragsbelte med moderate inngrep i sjølve vassstrengen, og der nærområda består av utmark, skogbruksområde og jordbruksområde med spreidd busetnad.

Forvaltning- Ein må søkje om å ta vare på hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar tilhøva i kantvegetasjonen langs vassstrengen og i dei områda som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, bør unngåast. Leveområdet for trua plante- og dyreartar og mindre område med store verneverdiar bør få særleg vern.

Klasse 3

Kjennemerke- Vassdragsbelte som er lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet, og som difor har stor opplevingsverdi og vitskapeleg verdi.

Forvaltning- Det er svært viktig å ta vare på naturen sitt preg av å vera lite påverka av moderne menneskeleg aktivitet. Alle former for omdisponering av areal i vassdragsbeltet bør unngåast.

Vasskvalitet og naturleg vassføring må haldast oppe så langt som råd er, og ein må freiste å unngå alle former for inngrep som reduserer verdien for vassdraget.

Suldal kommune innførte differensiert forvaltning av verna vassdrag i kommuneplanen 1998- 2010. Nedre delar av vassdragsstrengen er landbruks-, natur- og friluftsområde, klasse 2, medan øvre delar av vassdraget og nedbørsfeltet opp mot fjellet er natur- og friluftsområde, klasse 3. Vassdraget har ingen element av klasse 1.

Som tidlegare nemd gjeld retningslinene 100- meters beltet. I kommuneplanen er klasse 3 området merka av som eit heilt område, i praksis er det berre 100- meters beltet som vert råka av føresegnene om det ikkje er andre verdiar innanfor nedbørsfeltet. Klasse 2 området er berre markert med symbol for vassstrengen, her kan ein leggja på 100- meters sone.

Heile vassdraget er i flg PBL § 20- 4 1. ledd, nr 2 lagt ut til LNF område. I nedre del av vassdraget, klasse 2 området, seier reguleringsføresegnene at spreidd busetjing kan tillatast. I og med at det er lagt ut til LNF- område kan ein ikkje gje nærare føresegner med bindande rettsleg verknad i LNF- området for utbygging som er knytt til stadbunden næring(§20-2, andre ledd bokstav c). Heller ikkje føresegner om 100- meters- beltet langs vassdrag (§ 20-4 andre ledd bokstav a) og f)) vil heimle forbod mot tiltak og anlegg som har direkte tilknytning til tradisjonell landbruksverksemd. Dette inneber at LNF- områda ikkje regulerer fysiske tiltak som har samanheng med vanleg landbruksverksemd, m.a. landbruksbygg, landbruks-/ skogsveggar, masseuttak til husbehov og liknande. Derimot vil byggje- og anleggstiltak som ikkje er i ledd i stadbunden næring, i utgangspunktet vere i strid med planen og dermed vera forbode. Verksemd som har samanheng med landbruk, natur og friluftsliv er regulert av sektorlovgjevinga. I dei fleste tilfelle vil det ikkje vere konflikt mellom landbruks-, natur- og friluftsiinteresser.

1.2 Arealopplysningar

Vassdraget har eit nedbørsfelt på om lag 59 km² (NOU 1991), og areala fordelar seg slik:

Jordbruksareal	2,6 km ²
Viktig skog	20 km ²
Anna skog	17 km ²
Plantefelt	1 km ²
Vatn	1,7 km ²
Fjell og anna areal	16,7 km ²

1.3 Hydrologiske opplysningar

Nattlandsvatnet ligg sentralt i nedbørsfeltet (294 m.o.h), og er utløp for Nattlandsåna og Budalsåna. Budalsåna drenerer nordaustlege delar av feltet, der det største vatnet er Budalsvatnet, og Nattlandsåna drenerer ei rekkje små vatn i aust og søraust, der Staksvatnet er det største. Nattlandsnuten, 694 m.o.h., er den høgaste toppen i nedbørsfeltet og ruvar sentralt i dette delnedbørsfeltet. I frå Nattlandsvatn følgjer hovudvassdraget Hålandsdalen ned mot fjorden. Tveitåna er det største sidevassdraget på denne strekninga, og drenerer fleire små og mellomstore vatn der Fiskelaugvatnet er det største.

Tabell 1.1 Oversyn over dei største vatna i nedbørsfeltet til Hålandselva

Vatn	m.o.h	Areal
Nattlandsvatnet	294	0,5 km ²
Budalsvatnet	400	0,4 km ²
Staksvatnet	564	0,2 km ²
Fiskelaugvatnet	624	0,4 km ²
Skardavatnet	783	0,2 km ²

2 PROSESSAR OG FORMER DANNA AV IS OG VATN


2.1 Vassdragselement

Elva går nedover Hålandsdalen i grovt materiale og i fast fjell (Soldal og Sulebak 1991). Ved nedre del av elva er det ein del lausmassar, men områda er små, og det er ikkje observert spesielle fluviale former. Det er og lite rasaktivitet langs fjellsidene i vassdraget.

2.2 Geofaglege element

2.2.1 Berggrunnsgeologi

Hålandsvassdraget ligg i grensesona mellom grunnfjellsområdet og den kaledonske fjellkjedesona (Pallesen og Hauge 1984). Det meste av vassdraget består av grunnfjell av prekambriske bergartar (Sigmond 1978). Granitten kan vera massiv eller foliert , og gneisen er udifferensiert. Over dette er det eit belte med kambro- ordovicisk metamorfe pelittiske bergartar, som gjer seg synlege i svart og grå fylitt. Desse lokalitetane finst i fjellet søraust og nordaust for Reinsnuten og Natlandsnuten. I desse områda finst det og enkelte innslag av dacittisk tuff i kvartsglimmerskiferen. Dei høgaste partia er prega av kaledonske overskjøvne kompleks, truleg i frå prekambrium. Desse består av udifferensiert gneiss og charnockittiske bergartar.



Figur 2.1 Hålandsvassdraget ligg i grensesona mellom det sørnorske grunnfjellsområdet og den kaledonske fjellkjedesona. Mellom desse laga, ved Reinsnuten og Natlandsnuten finn ein eit belte med kambro- ordoviciske bergartar.

2.2.2 Geomorfologi

I grunnfjellsområda både nord og aust for Hålandsdalen er landskapet kupert med små kollar. Fjella her ligg på 600-700 m.o.h (Pallesen og Hauge 1984). Sjølve Hålandsdalen ligg attmed ei forkastningssone som går nordaust- sørvest, og er skarpt nedskoren (Rye m. fl 1991). Natlandsvatnet ligg i kryssningspunktet mellom denne forkastningssona, og ei forkastningssone som følger ned Natlandsdalen. I områda med fylitt er det større kontrastar i landskapet. Fylitten forvitrar lett og bryt seg ut i landskapet som hylleforma brattskrentar.

2.2.3 Kwartærgeologi

Hålandsdalen strekkjer seg 7 km oppover mot Natlandsvatn. På begge sider av dalen kan ein spora laterale morenar 600-700 m.o.h. (Anundsen 1972). Morenen på den søraustlege sida av dalen kan relaterast direkte til Ra- morenen i Jøsenfjorden. På nord-vest sida av dalen er det ein rygg som kan følgjast mot nord til Sørhusdalen. Det brattaste området i dalen finst ved munningen mot Erfjord der isbreen spylte ut i fjorden. Ved Hålandsosen ligg det ein terrasserest ca 10 m.o.h. (Rye m.fl 1991). Omlag 700-800 m nordaust for elveosen, ved Trehaug, ligg det ein glasifluvial terasserest ca 30 m.o.h.. Mellom Træhaug og Svinamoen er det ein innsnevring av dalen, og der ligg det ei frontavsetjing med sorterte og grove sediment. Bak frontavsetjinga ligg det glasifluvialt materiale, overflata på denne avsetjinga ligg 50 m.o.h på det høgaste. Det har vore ein del erosjon i denne avsetjinga i postglasial tid. Avsetjinga er eit delta med tydelige skrå- og topplag, og dette syner at havet har stått opp til denne. Marin grense vert er sett til 70 m.o.h..

På nordsida av Reinsnuten- Slotaskardnuten er det fleire nunatak morenar, som truleg høyrer til Ra-understeget. I forsenkingane rundt Natlandsvatn er det mykje lausmassar, dels morenar og dels glasifluvialt/ fluvialt materiale (Anundsen 1972). Ellers er det mykje rasmateriale i dalsidene, men det er tydeleg at rasprosessane ikkje er aktive.

2.3 Utvalde delområde

Gjennom ei fylkesomfattande kvartærgeologisk undersøking vart det funne ein urørt morenerygg i frå Yngre-Dryas på sør-aust sida av Hålandsdalen (Anundsen og Sollie 1987). Det er til dels 3 parallele ryggar som er opptil 20 m høge. Morenen utgjer ein sidemorene til ein dalbre i Hålandsdalen. Moreneryggen kan følgjast i frå Osberget til Lomatjønn. Lengst i aust bøyer den av mot sør og sør-vest, og går tilbake til fjorden i vest på sørsida av fjellpartiet. Fjellpartiet ved Osberget har derfor så vidt stukke opp over isdekket. Fronten på breen må ha vore nokre km lenger vest. Endemorenen ved munninga av Erfjord markerar derfor sannsynlegvis fronten av breen. Morenen er derfor av Yngre-Dryas alder. Morene er ein av dei vakraste sidemorenane i fylket.



Figur 2.2 Morenerygg i frå Yngre Dryas på sør- aust sida av Hålandsdalen. Morenen utgjer ein sidemorene til ein dalbre i Hålandsdalen. (Foto: Elin Tjordal Haugen)

2.4 Verdiklassifisering av delområde

Nr	Navn delområde	Objekt	Grad	Hovudkriterier					Støttekriterier			
				Urørt	Historisk-dokument	Mang-fald	Typisk	Sjeldan	Sårbar	Del av system	Forsk-ning	Pedago-gisk
1	Osberget	Morene	***	*	*		*		*			*
2	Nattlands-vatn	Laus-massar	*				*			*		
3	Svinamoen	Frontav-setting	*				*			*		
4	Træhaug	Terrasse-rest	*				*			*		
5	Hålands-osen	Terrasse-rest	*				*			*		

3 BIOLOGISK MANGFALD

3.1 Vasskvalitet

Det er ikkje funne dokumentert informasjon om vasskvalitet i Hålandsåna.

3.2 Ferskvassbiologi

Ferskvassbiologiske undersøkelser vart utført av Universitetet i Bergen av Raddum og Fjellheim (1990).

I dei undersøkte områda indikera substratet gode forhold. Det vart registrert 46 artar/ grupper av vertebratar. Av planktoniske krepsdyr vart det funne 8 artar, medan kun 2 artar av hjuldyr. Blant krepsdyra dominerte *Bosmina sp.*, *Diaphanosoma sp.* og *Cyclops sp.*, *Daphnia sp.* vart kun funnen på ein lokalitet.

Det vart funne 3 døgnflueartar i vassdraget, då for det meste *Baetis rhodani*. Ein sjelden art for Rogaland, *Baetis fuscatus*, vart og funnen.

Av steinfluer og vårfluer var det 7 artar av kvar, og alle desse var vanlege. Blant steinfluene dominerte *Leuctra sp.*, medan *Rhyacophila nubila* var vanlegast blant vårfluene.

Det vart og funne flatmarken *Otomesostoma auditivum* og krepsdyret *Gammarus zaddachi*.

Hålandselva har ein surhets indeks på 0.78 som vert rekna som ein bra verdi i forhold til lokaliseringa til området.

3.3 Fisk

I Hålandsvassdraget er det registrert innlandsaure, sjøaure og laks.

Stavanger og Rogaland Jeger og Fiskeforening (SRJF 90, 96) har drive eit stort kultiveringsarbeid i Hålandselva for å få til ei god lakseelv. Før SRJF starta sine kultiveringstiltak vart laksen stoppa av eit lite kraftverk ved Hålandsosen, slik at den ikkje fekk gå oppover for å gyte. Sidan 1972 har foreininga sprengt vekk hindringane i området ved dei to nedste fossane, bygd to laksetrappar og lagt om til eit nytt løp i Lensmannsfossen for å betra forholda for laksen. Det er og bygd standplassar for laks og yngel ved hjelp av fleire tersklar oppover elva. Foreininga sette tidlegare ut 40.000- 80.000 yngel årleg. I den seinare tid er det utarbeida ein kultiveringsplan for vassdraget med målsetjing å auka

lakseproduksjonen i øvre delar av elva. Laksen kan, ved gunstige forhold gå opp til Åbø, men vanlegvis er det problem med å passera fossen lenger nede i elva (Persson og Enge 1992). I 1990 vart det flytta gytelaks opp til Åbø, men det er uvisst om dette har nok effekt (Persson 1993). Den laks/sjøaureførande strekninga er no 6 km med gode forhold for gyting og oppvekst.

Sidan 1979 har det vore ein årleg fangst på 300-400 kg laks med gjennomsnittsvekt på 3.4-5.5 kg. Sjøaurefangsten er relativt liten, i perioden 1969- 82 var det frå 13- 52 kg totalt (Lien 1991).

Vassdraget har mange vatn med areal på mellom 20- 100 hektar, og mange mindre. Vatna er fordelt på høgdenivået 300-900 m.o.h. Det er ikkje føreteke særlege undersøkingar av vatna i nedbørsfeltet anna enn det som er vist i Tabell 3.1.

Tabell 3.1 Oversyn over fiskevatn i Hålandsvassdraget

Vatn	Bestandsstatus	Gyteforhold	Kvalitet	Litteratur
Staksvatnet	Ukjent	Gode	Ukjent	(Lien 1991)
Fiskelaugvatnet	Oppretthalden	Tilstrekkeleg	Uvanleg fin	(Lien 1991)
Natlandsvatnet	Tett	Gode	Middels	
Budalsvatnet	Ukjent			
Skardavatnet	Ukjent			
Frøkjedalsvatnet	Overbefolka	Gode	Middels	pers medd

3.4 Vegetasjon, botanikk og naturtypar.

Botaniske undersøkingar vart gjort i samband med verneplan IV (Odland og Fremstad 1989).

Hålandsvassdraget ligg i eit utprega oseanisk område med milde vintrar og fuktig klima. Middelterperaturen for kaldaste månad ligg på 0.4 °C, og årsnedbøren er omlag 2000 mm.

Vassdraget kan delast inn i 4 vertikale vegetasjonssoner. Frå 0-250 m.o.h. finn ein den sørboreale sona med varmekjære artar som eik, hassel, svartor, ask, platanlønn, raggtelg og vivendel. Mellom 250 og 500 m.o.h. finnes mellomboreal sone med bjørk og furu som viktigaste treslag. Her inngår og artar som trollhegg, maigull og trollurt. Gråor er sjeldan i området, men små bestandar er registrert ved 400 m.o.h. Den subalpine eller nordboreale regionen går opp til skoggrensa som i søreksponte liar går opp til ca 750 m.o.h. Denne sona er dominert av bjørkeskog, men furuskog finst opp til nærare 600 m. Her inngår spreidde innslag av fjellplanter som sølvvier, lappvier, rosenrot, rypebær og dvergbjørk. Fjellvegetasjonen høyrer til den lågalpine regionen, og består for det meste av lynchhei, fukthei og myr.

Det er i alt registrert 273 karplanter i området. Vegetasjonen er karakterisert ved eit markert innslag av vanlege kystplanter, men det er og funne artar som har stor plantegeografisk interesse. Hinnebregne, raggtelg, heiblåfjær og vivendel ligg her ved sine innergrenser. Strengstarr er ein austleg art som har si vestlege grense her. På glimmerskiferen er det funne ein del artar som er meir kravfulle, som raudsildre, bergfrue, flekkmure og fjelltistel. Total floraliste er gitt i vedlegget.

**Tabell 3.2 Vegetasjonstypar som er registrert i Hålandsvassdraget (Odland og Fremstad 1989).
Klassifisering etter Fremstad og Elven**

Skogsvegetasjon	A3c	Røsslyng- blokkebærskog, kyst- type
	A3d	Fuktskog
	A4b	Blåbær- skrubbær- skog
	A5b	Småbregne- skrubbær- bjørkeskog
	A5c	Småbregne- fjell- bjørkeskog
	B1	Lågurtbjørkeskog
	C1b	Storbregnebjørkeskog
	C3b	Gråor- heggeskog, beita utformingar med sølvbunke
	D7a	Svartor- askeskog
	D2a	Lågurt- edellauvskog
Eng og heivegetasjon	H1	Tørr kystlynghei
	H2	Fuktig kystlynghei
	G2	Kalkfattig fukteng
	G1	Kalkfattig tørreng
Myrvegetasjon	L	Intermediære myrar
	K3	Fattig- fastmattemyr
	J	Ombrotrof myr
Vassvegetasjon	P3	Flytebladvegetasjon
	P1	Brasmegras og botnegras
	P4	Krypsiv og flotgras
	O3b	Flaskestarr
	O3a	Elvesnelle
Fjellvegetasjon	T4	Museøresnøleie
	R1c	Greplyng- gråmosehei
	S1b	Røsslynghei
	S6a	Fattige vierkratt
	T1	Finnskjegg- grassnøleier med mykje bjønnskjegg

3.5 Vilt

Opplysningar om viltet er henta i frå viltkartet til Suldal kommune som vart revidert i 1998 (Suldal kommune 1998). Viltobs delen av dette kartet inneheld informasjon om truga og sårbare artar etter den norsk raudlista, andre artar med spesiell kommunal/ regional verdi og viktige område for hjortevilt.

I Hålandsvassdraget finst det store stammar av både hjort og elg. Det er registrert trekkveggar i den sørlege delen av området som går aust- vest. Elgen held seg på den sørlege sida av Hålandsdalen, med vinterområde like sør for vassdraget, og hjorten held seg på nordsida av dalen. Det er også mindre stammar av rådyr i området.

Området har fleire fine småvatn med svartand og smålom. Fjellvåken er ikkje nok uvanleg syn, då den hekkar i fleire av dei bratte skrentane og fjellhyllene. Hubroen likar seg og i område med knausar og hyller. Det er registrert dvergfolk i området.

Orrfuglen er vanleg og det er registrert fleire spelplassar i nærleiken av Natlandsvatnet. Storfugl synes det å vera litt mindre av. Av anna småvilt så er det både lirype og hare. Det er og observert gaupe på vandring gjennom området.

3.5.1 Utvalde delområde

Toralf Tysse undersøkte vassdraget i 1997 for å kartleggja verdifulle biotopar for fugl i området (T. Tysse u. publ). I dette arbeidet vart det registrert 65 artar, og dette syner at det er stor spennvidde i fuglefaunaen. Det var derimot ikkje så mange spesielt verdifulle område. Dei områda som vert nemnd er delvis basert på ornitologiske verdiar- dels ut i frå reine biotopvurderingar.

2. *Nattlandsvatnet*

Vatnet har truleg funksjon som eit viktig raste - og hekkeområde for ender og vaderar.

3. *Fiskelaugvatnet*

Eit vatn med kvalitetar for vaderar, ender og lom. Truleg er det eit viktig beite- og hekkeområde.

4. *Tjørn, Haugslund*

Næringsrik tjørn i kulturlandskapet. Enkeltbekkasin og rødstilk hekkar truleg. Typisk andetjørn, men ingen ender registrert. Viktig naturtype for det biologiske mangfaldet.

5. *Tjørn, Østerhus.*

Næringsrik tjørn i kulturlandskapet. Ingen våtmarksartar er registrert, men enkeltbekkasin og gressender er potensielle hekkefuglar.

6. *Småvatn aust for Fiskelaugsvatnet.*

Småvatn og tjørner med rik vassvegetasjon. Estetisk verdifullt kulturlandskap. Rødstilk, kvinand og sivspurv er registrert.

7. *Li- sida aust for Helgeland.*

Skogområde med blandingsskog. Ein del eldre og store tre, spesielt gran, furu og osp. Truleg fungerer heile området som ein viktig del av eit kvitryggspett territorium. Trekrypar er registrert. Uthogging av den eldste skogen her vil kunna medføra at kvitryggspetten forsvinn.

8. *Eikeskog på vestsida av Hålandsdalen.*

På vestsida av Hålandselva er det eit relativt stort samanhengande skogsområde dominert av eik. Det er ein relativt rik spurvefugl fauna som er knytt til skogen.

9. *Furuskog på vestsida av Hålandsdalen.*

Gammal furuskog med innslag av bjørk i eit topografisk spanande område. Rødstjert er observert, ein typisk storfugl lokalitet og mykje spor etter hjort.

10. *Hubro i Trolledalen.*

Registrering av gulpeboller frå hubro indikerar at lokaliteten framleis har ein funksjon for arten. I følgje lokalbefolkninga skal dette vera eit typisk ropeområde. Det finst truleg reirplass i sjølve juvet.

11. *Hubro i Frøkjedalen*

Området Frøkjedalen- Nattlandsstølen vert vurdert som eit klassisk hekkeområde for arten.

12. *Rovfugl i Budalen*

Potensielt verdifullt område for hekkande rovfugl. Tårnfalk og fjellvåk er registrert, jaktfalken kan og hekka her.

13. *Lauvåsen og Hålandsstølen*

Verdifullt område med myr, småvatn og fukthei. Rødstilk og heilo hekkar her. Mange potensielle hekkeplassar for smålom.



Figur 3.1 Næringsrik tjørn på Hausland. (Foto: Elin Tjordal Haugen)

3.6 Nøkkelbiotopar

”Siste sjanse” utarbeidde i 1998 ein rapport om nøkkelbiotopar i Suldal kommune (Gaarder og Haugan 1998). Nøkkelbiotopar vert definert som område som er særleg viktig for bevaring av det biologiske mangfaldet fordi det inneheld naturtypar, nøkkelelement eller artar som er sjeldne i landskapet. I Hålandsvassdraget fann dei to område med særskilde verdiar.

8. *Hålandsdalen nordre del*

Dette området ligg midtveis i Hålandsdalen og består av ei ur- og edellauvskogsdominert sone på nordvestsida av Hålandselva. Det dominerande naturmiljøet i skogen er alm lindeskog/ lågurtskog og open blokkmark. Landskapet er sterkt prega av tidlegare tidars bruk, og det er framleis att del opne, men gjengrodde slåtteenger i området. Ein finn mange kydlestuvar av ask, men ogsp av alm , lind og eik. Det som gjer kydlestuvane særleg verdifulle er at ei rekkje signalartar er knytta til desse.

Tabell 3.3 Oversikt over artar funne i Hålandsdalen vest for Tveit (Gaarder og Haugan 1998).

Organisme gruppe	Art		Trusselstatus
Karplanter	<i>Brachypodium sylvaticum</i>	Lundgrønaks	
	<i>Circaea intermedia</i>	Mellomtrollurt	
	<i>Polystichum aculeatum</i>	Falkbregne	
	<i>Roegneria canina</i>	Hundekveke	
	<i>Stachys sylvatica</i>	Skogsvinerot	
Lav	<i>Biatorella monastoriensis</i>		
	<i>Gyalecta flotowii</i>		
	<i>Gyalecta truncigena</i>		
	<i>Leptogium cyanensces</i>	Blyhinnelev	
	<i>Normandina pulchella</i>	Muslinglav	
	<i>Lobaria pulmonaria</i>	Lungenever	
	<i>L. virens</i>	Kystnever	
	<i>Nephorma laevigatum</i>	Kystvrenge	
	<i>N. resipunatum</i>	Lodnevrenge	
	<i>Pannaria conoplea</i>	Gryfjiltlav	
	<i>P. cf. miditerranea</i>	Olivenlav	
	<i>P. rubiginosa</i>	Kystfjiltlav	
	<i>P. sampatana</i>	Kastanjelav	V+
	<i>Peltigera collina</i>	Kystårenever	
	<i>Schismatomma umbrinum</i>		
	<i>Sclerpphora nivea</i>	Bleikdoggnål	
	<i>Sticta fuliginosa</i>	Rund porelav	
	<i>S. limbata</i>	Gryporelav	
	<i>S. Sylvatica</i>	Bukt porelav	
<i>Thelotrema lepadinum</i>			
Sopp	<i>Hygrocybe cantharellus</i>	Kantarellvokssopp	
	<i>Phellinus ferruginosus</i>	Rustkjuke	V+

8. Hålandsdalen søndre del

Området består av ei bratt, edellauvskogdominert li side. Naturtypen er alm- lindeskog med noko varierende fuktighet, open blokkmark og litt lauvdominert sumpskog. Området har til dels grovvokst og velutvikla edellauvskog med stor biologisk verdi, særleg grov lind og ask. Dei grove og hole edellauvtrea er viktigaste nøkkelementa i området. I tillegg var det mykje steinblokker som og er godt eigna vekseplass for lavartar som er knytta til lungeneversamfunnet. Nedst i lokaliteten er det eit bekkedrag i ei grunn kløft med innslag av svartorsumpskog, dette er relativt sjeldan i kommunen.

Tabell 3.4 Oversyn over artar funne i området sør for Skipet i Hålandsdalen (Gaarder og Haugan 1998).

Organismegruppe	Art		Trusselstatus
Karplanter	<i>Brachypodium sylvaticum</i>	Lundgrønaks	
	<i>Circaea intermedia</i>	Mellomtrollurt	
